



Møteprotokoll

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtestad: Teams

Dato: 18.03.2026

Tidspunkt: 09:00 - 10:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Leif Solemsli	Leder	Vang kommune
Harald Sve Bjørndal	Medlem	Vågå kommune
Marit Sletten	Medlem	Lom kommune
Trude Brosvik	Medlem	Vestland fylkeskommune
Christian Sønstlien	Nestleder	Årdal kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Geir Arve Sandvik	Medlem	Luster kommune
Åse Harjo Øvstegård	Medlem	Innlandet fylkeskommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Ole Mathias Rønaasen	Åse Harjo Øvstegård	Innlandet fylkeskommune

Merknader:

Det var ingen frå Luster kommune som hadde høve til å delta.

Vara for Åse Harjo Øvstegård, Ole Mathias Rønaasen, deltok på siste del av møtet.

Kristine Selbervik Lund møtte som del av sekretariatet.

Andre frammøtte:

Namn

Eldrid Nedrelo

Kari Sveen

Stein Olav Windingstad

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som blei vedteke på møtet.

Leif Solemsli

Harald Sve Bjørndal

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 12/2026	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 13/2026	Referatsaker		
ST 14/2026	Delegerte vedtak		
5/2026	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - snøskuter - helikopter - drone - målinger på breer og isfonn - Norges vassdrags- og energidirektorat NVE		2026/1975
6/2026	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2026-2029 - kvisting av skiløype - Memurubu - Leirvassbu - Leirvassbu Fjellstue - Memurubu turisthytte		2026/2541
7/2026	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Gjendebu - Avslag på bruk av drone - 2026 - fotografering til informasjonskanaler - DNT Oslo og Omegn		2026/2923
ST 15/2026	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2026 - Utskifting av bruer over Hellstuguåe i Lom - DNT Oslo og Omegn		2026/3278
ST 16/2026	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2026 - Rehabilitering og ombygging av servicebygg - Legging av solcellepanel på tak - DNT Oslo og Omegn		2026/1604
ST 17/2026	Dispensasjon - Utladalen LVO - tiltak i Skåri - Skilting for nasjonalparksenter på vegg - 2026 - Utladalen Naturhus		2026/3231
ST 18/2026	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2026 - Oppdatering		2026/1312
ST 19/2026	Eventuelt		

ST 12/2026 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.03.2026

Behandling

DNT Oslo og Omegn har tidlegare varsla eit ønskje om å koma for å orientere om framtidige planar for Gjendebu på eit tidleg stadium. Dei er orienterte om møteplanen, men vi fekk ikkje noka melding om interesse for å delta på dette møtet. Kan truleg bli aktuelt seinare.

Vedtak

Innkalling og dagsorden godkjent.
Harald Sve Bjørndal vart vald til å underskrive protokollen saman med styreleiar.

ST 13/2026 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.03.2026

Behandling

Vedtak

Ingen referatsaker.

ST 14/2026 Delegerte vedtak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.03.2026

Behandling

Vedtak

Delegerte vedtak vart tekne til orientering.

ST 15/2026 Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2026 - Utskifting av bruer over Hellstuguåe i Lom - DNT Oslo og Omegn

Innstilling fra forvalter

DNT Oslo og Omegn får med hjemmel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 c) og d) dispensasjon for oppføring av nye bruer som erstatning for de gamle bruene over Hellstuguåe. Landskapsmessig vil de nye bruene ikke gi vesentlig annen innvirkning på landskapet enn eksisterende bruer.

Dispensasjonen gis med følgende vilkår:

-Bruene bygges i samsvar med opplysninger gitt i søknaden.

- Brua på nordre brusted forlenges fra 16 til 18 meter, mens bru i sør forlenges fra 7,2 til 8 m.
- Bruene får forankring på hver elvebredd som stabiliseres med gabioner. Den lange brua i nord får i tillegg et fundament på midten, ute i elva.
- Det brukes lokal stein til fylling og forblending av steinkassene. Nettingkassene dekkes med stein for å få best mulig estetisk tilpasning.
- Steinen plukkes for hånd fra overflata over et såpass stort område at det ikke oppstår dype groper eller medfører endringer i vannstrengen.

Materialrestene fra de gamle bruene skal transporteres ut etter at de nye er ferdigstilt.

Tiltaket blir vurdert å være i samsvar med utkast til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008). Funksjonelle bru er viktig for trygg ferdsel, og blir ikke vurdert å gi negative konsekvenser for naturmangfoldet når byggearbeidet blir utført på høsten, utenom sårbare perioder for fugle- og dyreliv.

En eventuell motorferdselsøknad for transport av materialer og utstyr i forbindelse med bygging og fjerning av bruer kan behandles delegert av forvalter.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.03.2026

Behandling

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.

ST 16/2026 Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2026 - Rehabilitering og ombygging av servicebygg - Legging av solcellepanel på tak - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gir med hjemmel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 bokstav n) DNT Oslo og Omegn dispensasjon til å rive utedo- og dusj-/vaskeromsdelen på servicebygget på Skogadalsbøen, og oppføring av nye bygg med same størrelse og for samme bruk.

DNT Oslo og Omegn får med hjemmel i § 3 pkt. 1.3 bokstav a) dispensasjon til

ombygging/fasadeendring og utvidelse av servicebygget på Skogadalsbøen som omsøkt. Dette innebærer:

- fasadeendring ved endra takvinkel fra 20 til 25 grader på taket på utedobygget
- flytting av døra til herredoen sammen med inngangen til personal- og damedoen
- utvidelse av dusj-/vaskerom med inntil 19,65 m² for innsetting av ny forbrenningsovn
- legging av solcellepanel på takene på servisebygget
- oppsetting av en midlertidig utedo

DNT Oslo og Omegn får med hjemmel i naturmangfoldlova § 48 første ledd, første alternativ tillatelse til oppføring av en midlertidig utedo i byggeperioden, og til nødvendig gravearbeid for fundamentering av omsøkt tilbygg på dusj-/vaskeromsbygget.

Dispensasjonen er gitt med følgende vilkår:

- Tiltakene skal gjennomføres i samsvar med opplysninger gitt i målsatte plan-og fasadetegninger vedlagt søknaden, jf. figur 5, Figur 6 og Figur 7
- Farge og materialbruk på veggene skal være som opplyst i søknaden, dvs. stående panel av over- og underliggere i rødbrun farge.
- Vinduer skal ha samme format og størrelse som på dagens bygg, og som vist på fasadetegningene.
- Takene skal ha mørk grå/svart farge, slik at solcellepanelene går mest mulig i ett med takflatene og landskapet, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd.
- Solcellepanela skal monteres utenpåliggende, flatt på takflatene, tilsvarende paneler og system som ble benyttet på materialboden og hovedbygningen i 2025. De skal være svarte/mørk grå og matte/ha en coating for antirefleksjon.
- Solcellepanela kan dekke hele takflatene slik det går fram av tegninger vedlagt søknaden (jf. avsnitt under saksopplysninger i denne saka).
- DNT OO må sikre at det ikke oppstår forurensning fra utedoen og den midlertidige doen må plasseres slik at det ikke skjer avrenning til elva.
- Avfallet fra utedoen kan graves ned på egnet sted etter avklaring med forvalter, og den midlertidige doen må plasseres slik at det ikke skjer avrenning til elva. Avfall som bind/tamponger/plastholdige våtservietter eller annet avfall som ikke lett brytes ned, kan ikke deponeres i naturen.
Den midlertidige utedoen skal tas ned når byggearbeidet på den ordinære utedoen er avslutta.
- Etter bygging skal alle bygningsmaterialer som er til overs ryddes og transporteres ut av området, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1. Ubehandla treverk kan brukes som ved.
- Det skal sendes rapport med bilder av tiltaket til nasjonalparkforvalter når arbeidet er slutført.
- Dersom det blir endringer i planene, skal det tas kontakt med forvalter for vurdering, før arbeidet kan fortsette.
- Tillatelsen gjelder i medhold av verneforskrifta for landskapsvernområdet. I tillegg må det foreligge godkjenning fra Luster kommune som myndighet etter plan- og bygningslova og forurensningslova.
- Tiltakshaver har ansvar for eventuell godkjenning fra grunneier.

Det er lagt særlig vekt på at tiltakene ikke vil påvirke verneformålet og verneverdiene nevneverdig.

Søknad om motorferdsel, inkl. ev. motorferdsel i forbindelse med gravearbeid, vil bli behandla administrativt så snart det foreligger en transportplan som viser hvordan transport av materialer og utstyr til byggeprosjektet er tenkt gjennomført. Søknad om motorferdsel skal også behandles av Luster kommune som myndighet etter motorferdsellova.

Det er viktig at transport i forbindelse med byggearbeidet blir lagt til tider på året og gjennomført slik at negative virkninger på naturmiljøet blir så små som mulig.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.03.2026

Behandling

Eldrid Nedrelo orienterte om saka.

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.

ST 17/2026 Dispensasjon - Utladalen LVO - tiltak i Skåri - Skilting for nasjonalparksenter på vegg - 2026 - Utladalen Naturhus

Innstilling frå forvaltar

Utladalen Naturhus /Utladalen nasjonalparksenter får med heimel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 a) og e) løyve til standard skilting på låveveggen i Skori, i samsvar med krav frå Miljødirektoratet for eit autorisert informasjonssenter.

Dispensasjonen vert given med følgjande vilkår:

- Storleiken på skilt 2 kan aukast frå 70x100 cm til 91 x 130 cm for å betre lesbarheita frå Folkevegen.
- Materialbruk og utforming skal følgje *designmanualen for Norges nasjonalparker*.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.03.2026

Behandling

Eldrid Nedrelo orienterte om saka og om dialogen vi har hatt med Miljødirektoratet angående avvik frå standard storleik på skilt.

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.

ST 18/2026 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Møteplan 2026 - Oppdatering

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen godkjenner følgjande oppdaterte møteplan for resten av 2026 med fastsetjing av datoar for styremøte 4 og studietur:

Dato	Alternativ dato	Ramme for møtet
24. februar		Teams. Møteplan, budsjett og innkomne saker
18. mars	20. mars	Teams, innkomne saker
28. april	16. april	Innkomne saker, Vang / Øystre Slidre
*	26.-28. mai 2.-4. juni 23.-25. juni 18.-20. aug	Styremøte og studietur
9. - 10. sept.	2. - 3. sept	Styremøte og Rådgjevande utval, Lom
24. november	18. november, 25. november	Styremøte, søknad om tiltaksmidler, Teams

* Styret diskuterer seg fram til kva tidsrom som passar for flest mogleg til studietur.

Møtekalenderen blir supplert med møte i Arbeidsutvalet (AU) dersom det kjem saker som krev raskare avklaring og som ikkje er rutinesaker med høve til administrativ behandling.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.03.2026

Behandling

Alternative datoar for studieturen vart gjennomgått, og ein landa på at 26.-28. mai synest å vera tidspunktet som passar dei fleste. Marit Sletten tek atterhald om at ho kan få lovleg forfall frå samferdselsutvalet i fylkeskommunen.

Det blir lagt opp til køyring med 2-3 privatbilar eller leigebilar for å vera mest mogleg fleksible.

Forvaltarane arbeider vidare med programmet som legg opp til hovudstopp på Røros og ein plass i nærleiken av Fulufjället nasjonalpark i Sverige. Femundsmarka/Gutulia har forvaltarkontor på Røros.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen godkjenner følgjande oppdaterte møteplan for resten av 2026 med fastsetjing av datoar for styremøte 4 og studietur:

Dato	Alternativ dato	Ramme for møtet
24. februar		Teams. Møteplan, budsjett og innkomne saker
18. mars		Teams, innkomne saker
28. april		Innkomne saker, Vang / Øystre Slidre
26.-28. mai		Styremøte og studietur
9. - 10. sept.	2. - 3. sept	Styremøte og Rådgevande utval, Lom
24. november	18. november, 25. november	Styremøte, søknad om tiltaksmidler, Teams

* Styret diskuterer seg fram til kva tidsrom som passar for flest mogleg til studietur.

Møtekalenderen blir supplert med møte i Arbeidsutvalet (AU) dersom det kjem saker som krev raskare avklaring og som ikkje er rutinesaker med høve til administrativ behandling.

ST 19/2026 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 18.03.2026

Behandling

Vedtak

Det var ingen saker til behandling under eventuelt.

Det vart sett 1 time til førebuing.

Styreleiaren lufta spørsmålet om allemannsretten og forholdet til tilrettelagte anlegg som via ferrata sti. Statsforvaltaren i Vestland har avgjort ei klagesak på liknande anlegg på Hornelen i Bremanger kommune.

